



Johan Litleskare
Skarsvegen 686
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3897 - 17/3735

Saksbehandlar:
Atle Dingen
Atle.Dingen@lindas.kommune.no

Dato:
10.02.2017

Forslag til møtereferat:

Avklaringsmøte mellom Lindås kommune og Johan Litleskare vedrørande den kommunale vegen ned til Skarsvågen, gbnr.148/8.

Stad: Lindås Rådhus
Tidspunkt: Torsdag 26 januar 2017 kl.09.00-11.20.
Tilstade: ass. rådmann Hogne Haugsdal, einingsleiar Teknisk Drift Atle Dingen og Johan Litleskare, eigar av gbnr. 148/8.

1. Bakgrunn og historikk i saka:

Johan Litleskare gjekk igjennom saksprosessen der han fekk fram sitt syn i saka og prosessen rundt denne. Det har vore mange personar involvert ifrå Lindås kommune undervegs, og dessverre har ikkje partane blitt einige om utvida veg-grunn for utbetring av vegen ned til Skarsvågen.

Johan Litleskare opplever at han i denne prosessen har blitt trakassert og därleg behandla av Lindås kommune. Basert på denne tilbakemeldinga, vil Lindås kommune ta ein intern gjennomgang av sakshandsaminga som har vore i denne saka og kome med ei tilbakemelding til Litleskare.

Johan Litleskare refererer til eit brev frå Lindås kommune ved Kåre Jordal i 1987 der han skriv om sitt syn på saka som framleis står ved lag. Den vil han skal brukast som utgangspunkt for ein avtale med Lindås kommune.

2. Eigarforholda i Skarsvegen :

Når det gjeld gards og bruksnummer i Skarsvegen, seier desse ingenting om eigarforholda, men er berre til intern bruk i det offentlege kartsystemet (Matrikkelen). Kommunen driftar og vedlikeheld vegen på annan manns grunn. Skarsvegen skal være open for ålmenta til kai/sjø.



3. Oppfølging og vidare saksgong:

Lindås kommune vil ta ein gjennomgang av alle saksdokumenta for å sjå korleis kommunen har handsama denne prosessen. Johan Litleskare vil få ei tilbakemelding på dette.

Lindås kommune vil ta ei vurdering av det areal som trengs for at vegen skal opp på kommunal standard. Dette vil Lindås kommune prioritera og deretter gje ei rask tilbakemelding.

Lindås kommune vil også føreta ei opprusting av vegen og leggja asfalt frå kommunal kai, langs sjølinna slik at heile Skarsvegen får asfaltdekke.

Det vil også bli gjeve ei erstatning som ein eingongssum for veggrunn, gjerde og eigne arbeidstimar ved muring av vegskulder.

Ber om at De les igjennom forslaget til referat og gjev oss ei tilbakemelding.

Med helsing

Hogne Haugsdal
Ass. Rådmann

Atle Dingen
fung. einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Johan Litleskare

Skarsvegen 686 5911

ALVERSUND